



Tor Husebø  
Øvredalsvegen 64  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/821 - 16/7946

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

22.04.2016

## Referat frå valdleiar møte på Frekhaug 19.04.16

Møtet vart halde 19.04.16 på rådhuset på Frekhaug.

Tilstade var representantar frå valda og Marius F. Knudsen frå Meland kommune. Dessutan møtte Rådman i Meland kommune Ingvild Hjelmtveit.

### Saksliste:

1. Møtet starta med ein gjennomgang av fjorårets resultat frå jakta. Det vart i 2015 delt ut 146 løyve, av dette vart det felt 94 dyr. Dette gjev ein fellingsprosent på 64,38 % som er omtrent uendra frå 2014. Dette er mest sannsynleg grunna av reduksjon i kvotane, då det vart felt færre hjort i 2015 enn 2014. Vidare viser sett-hjort ei auke i tal dyr sett under jakt. Dette skuldast mest truleg at det vart registrert fleire timer på jakt i 2015. Vidare har det vore ein betring av utfylling på sett-hjort skjema, som medfører at meir data blir registrert. Dei store trekka i resultatet er at det ikkje er ein vesentleg auke i bestanden frå 2014. Vårtelling har blitt gjennomført, men teljeresultatet er ikkje klart endå. Dette vert ettersendt valdleiarane.
2. Det vart diskutert i plenum kva dei ulike valda tenkte omkring kvotane for 2016. Det var felles oppslutning om at det er mindre dyr og at kvotane bør reduserast meir. Kommunen presenterte sine tankar omkring kvotane, og det vil ble redusert meir der dette er mogleg. Dei med bestandsplan må også redusera i kvotane. Det ble poengtatt frå kommunen si side at det bør prioriterast å skyta unge dyr, og spare eldre produksjonsdyr i jakta. Det er også viktig at valda sjølver ser på i jakta kor stor del av kvota dei kan ta ut. Det vart diskutert om ei endring av minstearealet vil vere riktig for å få en betre tildeling av kvoter. Kommunen gjekk i gjennom korleis ein endring av minsteareal må gjennomførast. Kommunen minna samstundes om at ei endring av minsteareal kan endre på enkelte vald sin mogelegheit til å få godkjent bestandsplanar.
3. Kommunen gjekk igjennom bruk av kunstig lys på ettersøk, det var lite bruk av dette i 2015 i Meland. Kommunen minna om reglane for varsling om bruk av kunstig lys. Kommune, politi og jaktrettshaver skal varslast før det kan nyttast kunstig lys på ettersøk.
4. Alle vald har levert sett-hjort skjema, som er eit viktig verktøy for forvaltninga. Utfylling av skjema har vorte mykje betre. Kommunen delte ut informasjon om utfylling av skjema, og minna om at

dersom det er vald som vil levere elektronisk så er det mogleg. Kommunen informerte samstundes om at det vert tatt med i vedtak at alle vald skal levere sett-hjort skjema. Kommunen informerte også om at Naturdata AS, som driv hjorteviltregisteret på oppdrag frå Miljødirektoratet, har utarbeidd eit hjelpestskjema i excel for rekne ut riktig timetal dersom fleire jegarar har jakta samtidig. Dette vert sendt ut i frå kommunen på epost.

5. Kommunen fortalte om dei nye endringane i hjorteviltforskrifta. Dette gjeld er endringar av fastsette fristar i forskrifta. Fristane har blitt tilpassa kvarandre betre for å gi forvaltninga betre tid til handsaming av enkelte saker. Vidare spurte kommunen dei ulike valda om dei har nokon eigenkontroll på felte dyr for å halde seg oppdatert til ei kvar tid på kva som er felt og korleis dei ligg ann i høve til kvotane.
6. Under eventuelt vart det diskutert kring det planlagde bestandsplanområdet for Nordhordland. Nokon uttrykte interesse, medan andre vil sjå på å melde seg inn på sikt. Kommunen understreka at det er mange ulike moglegheiter, men at valda må sjølve velje kva dei meiner er mest riktig.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

**Mottakere:**

|                     |                  |      |          |
|---------------------|------------------|------|----------|
| Helge Husebø        | Kårsbø 9         | 5917 | ROSSLAND |
| Jan Audun Sagstad   | Indre Sagstad 47 | 5918 | FREKHAUG |
| Roar Sudmann        | Hjelten 16       | 5918 | FREKHAUG |
| Sigve Eldøy         | Lyngnesvegen 6   | 5917 | ROSSLAND |
| Steinar Sunnhordvik | Ådlandsvegen 333 | 5918 | FREKHAUG |
| Terje Erstad        | Melandsvegen 260 | 5918 | FREKHAUG |
|                     | A                |      |          |
| Terje Hilland       | Skarpenesvegen   | 5918 | FREKHAUG |
|                     | 120              |      |          |
| Tor Husebø          | Øvredalsvegen 64 | 5918 | FREKHAUG |